



Tor Bringedal har gjort eit grundig arbeid. Arkivfoto frå då han selde bøker på Spar før jul.

Etter kommunevalget sist haust var det fleire som kom med sterke utsegner om at det hadde vore veljaraksjonar i einssilde deler av kommunen. Med utgangspunkt i desse sterke skuldingane, søkte den dugande lokalhistorikaren Tor Bringedal frå Herøysundet om å få gå gjennom alle vallistene for å finna svar på om det var grunnlag for desse skuldingane.

No er Bringedal ferdig med arbeidet, og konklusjonen hans er heilt klar. På heimesida si skriv han:
 -Etter å ha brukt nokre dagar på å studera valresultatet frå sist haust, er konklusjonen min klar: Valet i 2015 resulterte ikkje i dramatiske endringar i dei oppsette vallistene. Det er ikkje grunnlag for dei store overskriftene med uttrykk som at 'Bygdedyret er tilbake', 'mange Høgre-kandidatar vart raderte ut', eller 'samstemt røysting i indre Kvinnherad'

Tor Bringedal har gjort eit svært grundig arbeid, og den fullstendige rapporten frå dette arbeidet kan lasta ned ved å gå inn på [heimesida til Bringedal AS](#).

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland